
Saksnr: 2020/42867-8
Saksbehandlar Sissel Brusegård
Dato: 16.09.2020

Til: Yrkesopplæringsnemnda

Frå: Fylkesdirektør opplæring og kompetanse

Kvalitetsdialogmøte med opplæringskontora i Vestland

Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse har i samråd med opplæringskontora sin representant i Yrkesopplæringsnemnda gjennomført sju digitale kvalitetsdialogmøte med opplæringskontor. I tillegg har områdeleiar, leiar frå rettleiingstenesta og representant frå *seksjon kvalitet i opplæringa* delteke. Møta er ledd i fylkesdirektøren sitt kvalitetssystem (Opplæringslova §13.10), som byggjer på grunnprinsippa:

1. Elevar og lærlingar skal møte ei opplæring med høg kvalitet
2. Den vidaregåande opplæringa skal bidra til berekraftig forvaltning av ressursar
3. Den vidaregåande opplæringa skal bidra til gode og vekstkriftige lokalsamfunn og sterke by- og senterområde gjennom mellom anna eit breitt og likeverdig opplæringstilbod

Kjernen i oppdraget vårt og kjernen i kvalitetssystemet er læring og utvikling for den enkelte lærling og lærekandidat, og oppdraget skal løysast gjennom det etablerte trepartssamarbeidet. Målet med møta er god dialog til det beste for lærling og lærekandidat.

Tilbakemelding frå møta:

Opplæringskontora har ei plikt til å rapportere til fylkeskommunen ein gong i året, jf. opplæringslova § 4-7 andre ledd og forskrift til opplæringslova § 11-3. Rapporteringa omfattar dei lovpålagde tilhøva knytt til mellom anna arbeids- og læringsmiljø, vurdering og intern kvalitetssikring.

Årleg rapportering frå opplæringskontor og frittstående lærebedrifter, lærlingundersøking og gjennomføringstal pr. opplæringskontor er lagt til grunn for møta. I tillegg til dette er overgang til lære, YFF praksis og rekruttering via YFF også viktige tema.

Kvalitetsdialogmøta gir fylkesdirektøren godt innblikk i korleis opplæringskontora er organisert og arbeider. Nokre nyttar digitale verktøy til oppfølging av lærlingar/lærekandidatar. Fleire opplæringskontor kallar inn og deltek på halvårssamtalen med lærling/lærekandidat, medan nokre får rapport frå medlemsbedriftene. Det er og ulik frekvens på kor ofte opplæringskontora møter lærling/lærekandidat og medlemsbedrift.

Nedanfor følgjer tilbakemeldingar frå opplæringskontora til fylkeskommunen:

- Opplæringskontora er positive og har sett fram til møta.
- Positivt at agenda byggjer på open dialog.
- Samtidig som opplæringskontora ser innsparing i tid ved å gjennomføre møta digitalt, er det ynskje om fysiske møte. Uansett organisering ser opplæringskontora det som særskilt viktig at fylkeskommunen sine ulike ledd er tett på det daglege arbeidet, til dømes godkjenning av lærebedrifter, godkjenning av kontraktar og oppmelding.
- Opplæringskontora ønskjer meir informasjon og tettare dialog med fylkeskommunen. Dette vert sett på som mangelvare i dag.
- Ynskjeleg med eit møtepunkt mellom opplæringskontor og folkevalde.
- Fleire av spørsmåla som kjem inn, er relatert til kommunikasjon, for lite informasjon og ein ny fylkeskommune som er uoversiktleg for partane.

Vegen vidare

Fylkesdirektøren har mål om få gjennomført flest mogleg kvalitetsdialogmøter med opplæringskontor og større lærebedrifter utover hausten/vinter 2020-2021.